# LYNGMO GLYTTEN



# Helsing frå Lyngmo

Det er kjekt å sjå tilbake på året som no har gått! Mange leirar og arrangement er vel gjennomført, og mykje folk har vore innom Lyngmo. På barne- og ungdomsleirane våre har me kvart år mellom 400 og 500 born. Dette er born som kjem frå heile regionen vår i Indre Sogn. Flest kjem det frå dei tre kommunane Sogndal, Luster og Balestrand.

På Lyngmo har me 6 fast tilsette personar. Stillingane utgjer 365 %. I tillegg leiger me inn vaktmeister på timebasis(ca. 20 % stilling). I 2012 har me hatt ein stabil og god stab utan utskiftingar! Mykje arbeid vert også utført på dugnad(leirleiarar, kjøkken, vaktmeister, vasking etc).



Det er umogleg å føre ein nøyaktig statistikk på dugnadsarbeidet, men ein oversikt som vart laga i 2011 synte at det var minimum 9000 timar dugnad det året, noko som utgjer mellom 4 og 5 årsverk. Dette syner at det er mange som er glade i Lyngmo!

Mange gjev oss respons på at Lyngmo har hatt - og framleis har - ein viktig plass i livet deira. Slike tilbakemeldingar gjev motivasjon for oss som er tilsette til å jobbe vidare med å leggje best mogleg til rette for arrangementa her.

**Styret og tilsette vil gjerne ønskje alle eit godt nytt år og velkomne til Lyngmo!**

PS! Følg oss på Facebook og få informasjon om arrangement og anna frå Lyngmo der.

- Kjetil-

Like us on Facebook

**Framsidefoto:** OLA BIL bygging og løp på 16:30 leiren. **Fotograf:** Endre Hilleren

# Oppussing i 2012!

Siste året har me bruk mykje tid på oppussing og utvikling av bygningane på Lyngmo.

Matsalen er nymåla og har fått nye gardiner, kjøkkenet har fått nytt og større tørrvarelager og varemottaket er utvida. Det viktigaste me har gjort i kjøkkenavdelinga er å utvide kjølerommet, som i mange år har vore for lite i forhold til drifta me har hatt. Dette er eit tiltak som konkret betrar arbeidstilhøva til dei som jobbar på kjøkkenet!

I haust har me pussa opp vestibylen og toaletta. No har desse blitt lysare og finare. I tillegg er det isolert noko frå hemsen, som vil redusere støyen ned i resepsjonsområdet.







Siste veka før jul kom det også nye møblar til vestibylen. Me håpar at gjestene våre er nøgde med det som er gjort og at trivselen på Lyngmo kan verta endå betre!

Kjølerommet og møblane i vestibylen er finansiert av midlar frå loppemarknaden dei siste to åra.





**Tusen takk for all dugnadsinnsats i samband med oppussinga!**

# 16:30 - leiren 2012 : Fra Ivan's point of view!

Vi klappet sammen skolebøkene. Vi stemplet ut og forlot arbeidsplassen. Endelig helg, og endelig leir. For mitt vedkomne var det første opphold på Lyngmo. Jeg marsjerte inn i et stort hus. På min høyrefot en vanlig sko, på min venstre en fjellsko. Jeg hadde vært en smule stressa på vei ut døra.

50 ungdommer mellom 16 og 30 år var klare for kveldsmat! To kjekke gutter; Gaute Brunstad Øyehaug og Andreas Svensen Hjelme løp fra kjøkkenet med hvert sitt forkle, etterfulgt av ei sprek kjøkkensjef Jorunn Hilleren som sørget for at alt var på stell. Klar, ferdig, spis. Vi åt, drakk kakao og skravlet.

Siv Anita Loka Berget ønsket velkommen, før jeg dro i gang en liten rapp til et mottakelig publikum. Et flerkulturelt DTS- team fra "Ungdom i oppdrag" på Grimerud innledet med lovsang. Fantastisk! Fem ungevoksne som bare ønsker å leve for Jesus. De sang, og inviterte oss med tilbedelse og vi slang oss på. All ære til Gud!

Frode Eikum var også i år med som bibeltimeholder. Denne gangen med et budskap som ikke kunne forklares, bare erfares. Han ønsket å rette fokuset på den Hellige Ånd.











Frode innledet det hele med en film fra da han hoppet i fallskjerm. Vi fikk se han forberede seg til hoppet, og bli med han om bord på flyet, men i det han skulle hoppe ut av flyet, stoppet han filmen. Han utfordret oss til å ta det hoppet selv. Han kunne forklare oss all verden av teori om hvordan et fallskjermhopp (les Hellige Ånd) fungerer, men selve opplevelsen kan ikke forklares, den må erfares.

Da Eivind Stevling Torstad og jeg gikk ut for å gjøre i stand til OLA BIL-bygging, kunne jeg observere omgivelsene til Lyngmo i dagslys. Du slette tid, hvor vakkert det var å skue utover ved vannet og over på andre siden. Det slo meg hvor unikt hele dette stedet var, et svært hus som kan disponeres til kristne aktiviteter, og med en slik beliggenhet og omgivelser. Samtidig reflektere over hvor godt det er å være sammen med mennesker som har valgt å vie en helg til å prise Gud.

Ola-bil byggingen skapte stor entusiasme. Det var tre priser som skulle deles ut under gallamiddagen senere samme kveld; Tøffeste/fineste bilen, beste gruppenavn og vinneren av racet. Etter en halvannentime, og iherdig jobbing av kreative sjeler var bilene klare.

Alt fra traktor til brannbil. Det ble TID FOR RACE og moro var det! Etterhvert ble også snøballkasting og sabotasje en del av racet - til glede for tilskuerne.

Til festmiddagen var matsalen pyntet og forvandlet til et festlokale. Kokkene stod på så svetten piplet (det gir alltid litt ekstra smak i sausen;). Matbordet var dekket på med kyllingbryst, poteter og diverse snacks. Tradisjon tro ble det litt underholdning. Desserten var is og vi fråtset i oss slikkerier!

Deretter var høydepunktet kommet. En helaften med lovsang, bønn og vitnesbyrd. Nå skulle vi kunne ta det hoppet Frode oppfordret oss til. Vi kunne åpne våre hjerter og tre inn i lovprisningen. Det var en deilig fred som senket seg over lokalet og over deltagerne. Vi satt, vi stod, vi lå og vi danset alt ettersom hva vi hadde behov for.

Og i de sene nattetimer ble det anledning til å være ute i kiosken, spille bordtennis, prate og være sammen. Gud er relasjonell, og det å bare kunne le, prate og hygge seg i godt lag er en viktig del av livet!

Det var en leir fullpakket av glede! Tusen takk for samværet med alle dere som var til stedet. Jeg satt utrolig pris på å tilbringe en kvalitetshelg sammen med dere og med Gud.

**Hilsen Ivan Danilov**

# Barnas Sangleir 2012

Med 67 barn og temaet **"Ellevill glede"** blei det ei høglytt og utrulig bra helg på Barnas Sangleir! Stian og Beate Lavik frå Frekhaug hadde regien på helga, og gav mykje sang-glede og Jesus-glede til barna. Sporleik, uteleik og inneleik - samt leirkveld og avsluttande konsert for foreldre og søsken, gjorde helga SUPER!



# Dette skjer på Lyngmo:

## Januar:
12. Misjons- og leiar-samling, NLM

## Februar:
1-3. Leir for 2. - 4. klasse
15-18. Leir for 5. – 7.klasse
21-24. Leir for 7. - 10. klasse

## Mars:
1. - 3. Inspirasjonshelg for kvinner
9. Årsmøte NLM Sogn
27-31. Påske: Familieleir, NLM

## April:
5. Vårbasar
7. Barnas supersøndag
12-14. Regionårsmøte Normisjon/ACTA
26.-28. Ordet og Israel

## Mai:
16. Ungdomsarrangement
17. Fest på nasjonaldagen!
27-30. Vi over 60

## Juni:
7-9. Leir for 7. - 10. klasse
14-16. Leir for 2. - 4. klasse
21-24. Leir for 5.- 7. klasse
30.juni - 10. juli - Bibelsommar i Vest

### Selskap
Lyngmo vert nytta til selskapslokale. Ta gjerne kontakt for tilbod i samband med konfirmasjon, dåp, bryllaup, slektstreff, minnestunder, kurs, konferansar og andre arrangement!

Me ønskjer særleg velkommen til:

### Inspirasjonssamling for kvinner:
Vert arrangert på Lyngmo for 4. året, i samarbeid med SIM (Sogndal Indremisjonsforsamling). Sjå annonsen på neste side! Ei helg *vel verd* å få med seg!

### Barnas Supersøndag:
Er ein verkeleg SUPER søndag som startar med gudsteneste i Hafslo kyrkje, og held fram på Lyngmo med mat, mange aktiviteter for borna og avslutningsshow! SUPER dag for heile familien!

### Vi over 60
Eit populært arrangement, som kombinerer god forkynning, mat og fellesskap. Kåre Eikrem og Kirsti Strand er med som talarar.

# Inspirasjonshelg for kvinner!



**Inspirasjon av Jesus og andre kvinner!**

## 1-3. mars 2013

Elin Linde Fagerbakke forkynner
Pionerteam ved Eili og Magni leier lovsong
Nydeleg mat
Valfrie aktivitetar/seminar

**Påmelding og informasjon:**
www.lyngmoinfo.no
lyngmo@lyngmoinfo.com eller 57 68 43 66.

# Sommarjobb

Me treng personar som er glade i Lyngmo og som har lyst til å være ein del av staben vår sommaren 2013.



Sommarjobben på Lyngmo er variert og travel. Arbeidsoppgåvene består i å ta i mot gjestene i resepsjonen, vasking, kjøkkenarbeid og mykje meir.

Ta kontakt snarast mogleg dersom du er interessert i jobb!

<u>Minnegåve</u>

*Tusen takk for gåva som var gitt i samband med gravferda til Ingeborg Hess Nysæther*



**Returadresse:**
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside: www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3720.07.68427

# VINTERLEIR PÅ LYNGMO 2013!

Påmelding og informasjon til bua@lyngmoinfo.com eller ring 57 68 43 66,
frå og med 3. januar!



2-4.kl: 1-3. febr.
435 kr

5-7.kl: 15-18. febr.
660 kr

7-10.kl: 21-24. febr.
725 kr